

Berekraftig verdiskaping Handlingsprogram 2021

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033



Vestland
fylkeskommune

Innhold

Innhold	2
1. Innleing	3
Samarbeid og forpliktande partnarskap.....	3
2. Utarbeidde handlings-program for 2022-2025.....	4
Koordinering av arbeidet med handlingsprogrammet	5
Grøn næringsutvikling.....	6
Innovative og inkluderande samfunn	7
Areal til næringsutvikling	8
Kompetanse i arbeidslivet.....	9
Gjennomgåande tema	10
Resultatmåling og evaluering.....	11
3. Definisjonar / Ordliste.....	12

1. Innleiing

Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021-2033) har som hovudmål at:

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Planen er overordna og har eit langsiktig perspektiv. Vi skal gjere aktuelle og dynamiske prioriteringar i heile planperioden. Planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram, som årleg vil verte vurdert for rullering i samsvar med plan og bygningslova (tbl) § 8-1.

Eit fireårig handlingsprogram skal sikre forpliktande samarbeid i partnarskapen og bidra til å prioritere satsingar for å nå målsettingane. Gjennom årsplanar og oppfølging i budsjett og økonomiplan sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen

Handlingsprogrammet for 2021 har hovudføremål å beskrive korleis vi skal utarbeide eit handlingsprogram for 2022-2025, eventuell årsplan for 2022 og samordning med budsjettarbeidet for 2022. Fylkestinget skal vedta handlingsprogrammet for 2022- 2025 i desember 2021.

Dette handlingsprogrammet for 2021 har ikkje tilhøyrande budsjett. Fylkeskommunen og andre partnarar har sikra finansiering av enkelte førebuande oppgåver. Døme på slike oppgåver er prosjektet «Grøn region Vestland, som er oppfølging av Vestlandsscenarioa. I 2021 skal vi jobbe vidare med analyser og regionale prosessar for å finne relaterte næringar, som grunnlag for vidare smart spesialisering. Dei store omstillingane hastar og vi må førebu dei best mogleg.

Samarbeid og forpliktande partnarskap

Den regionale planen skal leggast til grunn for regionale organ si verksamhet og for kommunal og statleg planlegging og verksamhet i fylket, jamfør tbl § 8-2. Planen skal kunne vere kommunane sin overordna plan innan innovasjon og næring, og kommunar og regionråd blir sentrale aktørar i oppfølginga av planen.

Planen forpliktar partnarane som har ansvar for innhald og oppfølging av planen. Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør har ansvar for leiing og koordinering, og dei andre partane skal vere likeverdige aktørar i oppfølging av planen. Partnarskap skal vere styringsform i oppfølging av planen. Alle deltagarane må ta ressursar inn i arbeidet. Partnarskapen skal jobbe saman om oppfølging av planen, utvikling av handlingsprogram og andre større vedtak. Partnarskap er forpliktande og blir regulert av ein partnarskapsavtale eller gjennom mandat for arbeidet. Næringsforum Vestland er sentral i dette. Eit godt samarbeid, gode møteplassar og avklarte prosessar knytt til oppfølging av planen er sentrale prinsipp i gjennomføring av arbeidet.

I samband med utforming av handlingsprogrammet må partnarane lage avtalar om bidrag og gjennomføring av tiltaka.

2. Utarbeidde handlingsprogram for 2022-2025


Handlingsprogrammet for 2021 skal sikre god koordinering i partnarskapen og framdrift i arbeidet med eit fleirårig handlingsprogram. Vi vil bygge vidare på innspel om gjennomføring av planen som kom inn gjennom arbeidet med sjølve planen og i høyringsprosessen.

Aktivitetane i handlingsprogrammet for 2021 er forankra i satsingane i planen og i pågående samarbeid i den regionale partnarskapen. Aktivitetane skal bidra til utforminga av det fleirårlige handlingsprogrammet. Fylkeskommunen er planansvarleg og prosjektansvarleg.

Styringsgruppe er Næringsforum Vestland, som er sett saman av toppleiarar i:

Vestland fylkeskommune	Innovasjon Noreg Vestland
Statsforvaltaren i Vestland	KS Vestland
NAV Vestland	Universitetet i Bergen
Høgskulen på Vestlandet	Norges Handelshøyskole
NHO Vestlandet	LO Vestland
Norges forskingsråd	Fiskeridirektoratet Region Vest
Bergen kommune	Siva (Selskapet for industriekst)

Prosjektorganisering i 2021:



Sentrale aktørar i arbeidet:

Kommunane og regionråda, næringsorganisasjonar, klynger, innovasjonsselskap, innovative nettverk, forskingsinstitutt og andre høgskuler, andre statlege aktørar på regionalt nivå inkl. helseføretaka, Vestland fylkeskommune sine medverkingsorgan for ungdom, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Koordinering av arbeidet med handlingsprogrammet

Mål: Legge fram eit handlingsprogram for perioden 2022-2025 for fylkestinget

Aktivitet 2021	Korleis	Ansvar og oppfølging	Periode
Organisere arbeidet med handlings-programmet 2022-25	Invitere representantar for partnarskapen og andre relevante aktørar til å bli med i grupper som skal gi innspel til handlingsprogrammet.	Fylkeskommunen, Næringsforum Vestland (Styringsgruppe)	juni -
Koordinering m/andre regionale planprosessar	I 2021 vert det arbeidd med planar for klima, transport, vassforvaltning, senterstruktur, kultur, idrett og friluftsliv og fornybar energi, samt felles næringsstrategi for Vestlandet (Vestlandsrådet)	Fylkeskommunen	juni - desember
Forankring og brei medverking	Utarbeide rammeverk/avtaler for forpliktande samarbeid Etablere felles kommunikasjonsplan	Fylkeskommunen, Næringsforum Vestland	juni- desember
Regionråda si rolle i den regionale partnarskapen	KS fasiliterer ein prosess. (Arbeidet er starta)	KS, kommunane, fylkeskommunen	mai- desember
Kopling til kommunane sine planar	Dialog om korleis kommunane kan nytte planen i sitt plan- og strategiarbeid.	KS, kommunane, fylkeskommunen	juni- desember
Tilpassing av verkemiddel	Innretting og behov for samordning av verkemiddel som kan stø opp om satsingane i handlingsprogrammet for 2022-2025. Tiltak retta mot etterverknader av koronapandemien må ha stor merksemd på kort sikt.	Fylkeskommunen, Næringsforum Vestland	juni - desember
Legge fram handlingsprogram for 2022-2025	Administrasjonen i fylkeskommunen legg fram sak til Fylkestinget	Fylkeskommunen	oktober-- desember

Grøn næringsutvikling

Mål for satsinga i planen er: Eitt næringslivet i Vestland med netto nullutslepp i 2030

Strategiar:

- Forme om næringslivet til ei berekraftig framtid
- Grønt næringsliv i heile fylket
- Lukke eksportgapet

Aktivitet 2021	Korleis	Ansvar og oppfølging	Periode
Innspel til fleirårig handlingsprogram	Forslag til utforming av satsinga med konkrete tiltak for perioden 2022-2025.	Arbeidsgruppe	juni - oktober
Grøn region Vestland (fase to av Vestland-scenarioa)	Avdekke verdikjeder og forretningsområde i fire regionar og for fylket samla. Gi innspel til smart spesialisering som arbeidsmetode for grøn næringsutvikling.	Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg i samarbeid med partnarar i dei fire regionane	mai -oktober
Temaplan for landbruk	Oppstart av arbeidet.	Fylkeskommunen	juni
Temaplan for reiseliv	Oppstart av arbeidet.	Fylkeskommunen	juni
Prosjekt Havbyen Bergen	Arbeide fram eit prosjekt for å fremje auka samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse i havnæringane, med Bergen som sentral drivkraft. (Arbeid er starta.)	Bergen kommune, fylkeskommunen og kunnskaps-, klyng- og næringsaktørar	mai - oktober

Innovative og inkluderande samfunn

Mål for satsinga: Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket

Strategiar:

- Utvikle berekraftige og inkluderande bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Dele og dra nytte av innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi
- Bygge kultur for innovasjon og medverknad

Aktivitet 2021	Korleis	Ansvar og oppfølging	Periode
Innspel til fleirårig handlingsprogram	Forslag til utforming av satsinga med konkrete tiltak for perioden 2022-2025.	Arbeidsgruppe	juni - oktober
Kartlegging av innovasjonsinfrastruktur (for næringsutvikling) i Vestland	Vestland er første pilot for slik kartlegging, som seinare skal gjerast i alle fylke. (Arbeidet er starta.)	SIVA og fylkeskommunen	mai - september
Oppstart utvikling av ein digital løysing kor ein samlar dei ulike rådgivingstenestene og styrkar tilbodet til entreprenørar	Fase 1 (2021) omfattar m.a. konkurranse om forslag til design og teknisk løysing. (Arbeidet er starta.)	Fylkeskommunen	mai - oktober
Nettverk for industrikommunar	Samarbeid om utfordringar og utviklingspotensial i industriavhengige kommunar m.a. folketalsutvikling og attraktivitet.	Fylkeskommunen, Statsforvaltaren, IN	mai - oktober

Areal til næringsutvikling

Mål for satsinga: Rett areal til rett føremål til rett tid

Strategiar:

- Oppdateringa av kunnskapsgrunnlaget, med vekt på sjø- og fjellareal
- Oppdaterte planar gjennom interkommunale planar eller interkommunalt samarbeid om plankompetanse
- Regional samordning mellom kommunar, regional stat og fylkeskommunen i høve planlegging av næringsareal
- Tilgang til næringsareal er basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet
- Utarbeide tilrådingar for rekkefølgjekrav i samband med utarbeiding av næringsareal
- Arbeide med å optimalisere tidsbruk i planlegginga

Aktivitet 2021	Korleis	Ansvar og oppfølging	Periode
Arbeidsgruppe leverer innspeil til fleirårig handlingsprogram	Bruke innspeil gjennom plan- og høyringsprosessen samt andre kjelder til å utforme satsing med konkrete tiltak for perioden 2022-2025.	Arbeidsgruppe	juni - oktober

Kompetanse i arbeidslivet

Mål for satsinga: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

Strategiar:

- Rett kompetanse for framtida
- Sikre tilgang på arbeidskraft
- Samarbeid om kompetanseutvikling

Aktivitet 2021	Korleis	Ansvar og oppfølging	Periode
Innspel til fleirårig handlingsprogram	Forslag til utforming av satsinga med konkrete tiltak for perioden 2022-2025.	Arbeidsgruppe	juni - oktober
Kartlegging av utdanningstilbod og kompetansemiljø i Vestland	Knytt til verdikjede og forretningsområde i «Vestlandsscenarioa (Arbeidet er starta.)	Fylkeskommunen i samarbeid med Kompetanseforum Vestland	mai - august

Gjennomgåande tema

Planen har fleire gjennomgåande tema. I perioden vil det bli sett i gong aktivitetar som er relevante for eit eller fleire av dei.

Aktivitet 2021	Korleis	Ansvar og oppfølging	Periode
Samspelet mellom satsingane i planen og gjennomgåande tema	Avklare innretting på gjennomgåande tema i lys av dei fire satsingane .	Prosjektgruppe	juni - oktober
Temaplan for breiband og digitalisering	Oppstart av arbeidet.	Fylkeskommunen saman med IT-forum Vestland og kommunane	juni
Temaplan for forsking	Oppstart av arbeidet. Arbeidet må gi spesiell merksemd til samarbeid mellom forsking, næringsliv og offentleg sektor, m.a. innovasjonsprosjekt og doktorgrad i næringsliv og kommunal sektor.	Fylkeskommunen og FoU-forum Vestland	juni
Avklare etablering av EU-nettverk for horisont Europa i Vestland	Nettverket skal få fram gode prosjekt og samarbeid i Vestland som kan få støtte frå Horisont Europa. (Delvis avhengig av finansiering.)	Fylkeskommunen med fleire partnarar	juni - sept.

Resultatmåling og evaluering

I den regionale planen står det at det skal verte laga eit indikatorsystem for å overvake utvikling i fylket og evaluere om tiltaka i planen fører til effektiv verkemiddelbruk og måloppnåing.

Indikatorsystemet skal ha tre nivå:


- Nivå 1: Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.
- Nivå 2: Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.
- Nivå 3: Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Det skal lagast eit dynamisk framstilling som viser utviklinga på dei tre nivåa.

Aktivitet 2021	Korleis	Ansvar og oppfølging	Periode
Resultatmålings- og evalueringssystem	Skaffe oversikt over eksisterande system og indikatorar. Lage forslag til system og presentasjon av utvikling og måloppnåing.	Prosjektgruppe i samarbeid med sentrale aktørar	juni - oktober

3. Definisjonar / Ordliste

Omgrep	Forklaring
Berekraft /Berekraftig utvikling	Bærekraftig utvikling er utvikling som tilfredsstiller dagens behov uten å ødelegge fremtidige generasjoner muligheter til å tilfredsstille sine behov. For å skape berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobbe på tre områder: Klima og miljø - Økonomi - Sosiale forhold
Berekraftsmål	FNs berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030
Grøn næringsutvikling	Grøn næringsutvikling betyr at produksjon, tenester og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
Nullutslepp	Utviklingsplanen for Vestland har som delmål at Vestland skal vere ein pådrivar for nullutslepp innan 2030. EU definerer netto nullutslepp som balanse mellom klimagassutslepp og opptak av klimagassar. Det må fjernast minst like mykje CO2 frå atmosfæren som det vert slept ut. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgjande mål om å kutte CO2- utslepp og andre sterke klimagassar <ul style="list-style-type: none"> • Visjonen om nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om nullutslepp innan 2030. • Utsleppa vert rekna som CO2-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO2. • Alle fossile utslepp skal fjernast. • Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekommme, men skal reduserast så mykje som råd. • Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen.
Smart spesialisering	Alle regionar har særegne moglegheiter og ulike føresetnader for næringsutvikling. Både regjeringa, OECD og EU anbefaler å utnytte disse forskjellane og skreddarsy politikken til kvar region. Smart spesialisering er en metode for å få det til. Prosessane for å finne fram til måtar å vidareutvikle spesialiseringa blir kalla entrepreneuriele oppdagingsprosesser . Dei tek utgangspunkt i at ingen aktørar aleine ser alle moglege videre utviklingsveier. Men når bedrifter, forskrarar og andre aktørar får tilgang til kunnskap som er forskjellig frå deiga eigen, men ikkje så forskjellig at dei er ute av stand til å forstå eller bruke den, aukar sjansane for innovasjon.



vestlandfylke.no